

21. september 2014

Leiara av Tunsberg bispedømmeråd, Kjellfred Dekko

Hilsen ved vigslinga av Per Arne Dahl til biskop i Tunsberg bispedømme

På pressekonferansen den 12. mars kom offentleggjeringa om at Per Arne Dahl vart ny biskop i Tunsberg. Nokre av oss hadde forebudd ei lita tale. -Stikkord på ein lapp, og ein velkomst. Til denne dagen hadde den nye biskopen med seg eit bilete. Talefør som han er trengte han ikkje manuskript. Han hadde med eit visuelt bilete korleis han tenkte om kyrkja og si bispeteneste.

Biletet på om lag 100 x 70 cm er ein framstilling av nattverden. Jesus er sentrum i biletet. Det er ikkje Jesus og disiplane, men heile 31 personar rundt bordet. Det er ein halvsirkel slik me samlast rundt bordet i kyrkja, og den som ser biletet er med dette invitert inn i fellesskapen. Per Arne sitt poeng var å invitere til den store fellesskapen der Kristus er midt iblandt, og det er plass nok til alle.

Så kan ein undre seg... -Kor langt er bordet som endar i stova til biskopen? Er det langt nok til å dekke til alle 380 000 medlemmar som høyrer til i Tunsberg bispedømme? -Ja, eg er ganske sikker på det. Eg forstår at biskopen vil at det skal vera slik, og at han tenkjer seg bordet frå fjellvidde i Buskerud til skjærgard i Vestfold med alle slags folk.

I bispedømmet vårt samlast jamnleg folk rundt bord for å ta avgjerder. Det er sokneråd, nemnder og utval som ser til sit lokale kyrkjelege liv. Det er fellestråd som legg rammer og planer, og sørgjer for det «karosserimessige» arbeidet. Somme stader finn ein det teneleg også med eit prostiråd. Alle desse råd og utval samlast med tankar om å gjere eit arbeid til beste for kyrkja.

Bispedømmerådet skal i samarbeid med staben ved bispedømmekontoret «vekke og nære det kristelege liv i Tunsberg». Også me samlast rundt bordet for å peike ut kursen vidare. Me hadde ein ledig plass, og den er no din biskop Per Arne. Samarbeidet skal gjere oss sterke og gode. -Og Kristus er midt iblant oss!

I dag gjer eg med til talsmann for desse tilsette, råd og utval, og for om lag 380 000 andre i vårt bispedømme, og seier «Velkomen som biskop i Tunsberg, Per Arne Dahl!»